



**«Løyen lønsj»
Sleden skjeva eller bugnande buffet?
Begge delar kan få ting til å skje.
Selvaag og Skeiseid brukar kruttet i lag.
Kanskje kan lunsjen bli best denne dag?**

Så du trudde du visste kva lunsj var?

Invitér Ryfylkekokken Frode Selvaag og livsgnistar Tor Øyvind Skeiseid inn på lunsjen dykkar.

I ein time og to kan me saman leika oss med ord og ingrediensar. For kva er nå lunsj? Pliktløp, sosial møteplass, matfagleg oppleving eller berre ei fast tid på døgnet.

Selvaag og Skeiseid si framsyning «Løyen lønsj» er eit levande frå «plass til plass»-oppleving, der lunsjdeltakarane er ja ... deltarar. Me involverer, inspirerer og me ler! Og sjølvsagt et me lønsj! For mat og prat er lim i liv. Forfriskande og ærleg.

«Løyen lønsj»-duoen kjem gjerne til dykkar kantine, pauserom, scene, gang eller auditorium. Du kan ta med arbeidsfellesskapet ditt til Landahuset på Finnøy, der me har plass til inn til 50 personar – eller til St.13 midt i Stavanger sentrum med plass til 40 personar.